



Erik Arne Eknes
Fosse 21
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/340 - 19/2995

Saksbehandlar:
Inga Lill Holen
inga.lill.holen@meland.kommune.no

Dato:
12.02.2019

Svar på førespurnad om tilknytingsavgift - GBNR. 25/29 og 25/38

Viser til førespurnad av 06.02.2019.

Du fortel at eigedom gbnr. 25/29 og 25/38 ein gong i tida har fått tilbod om tilknytingsavgift pålydande 5000 kr per bustad ved tilknytning til det kommunale anlegget for vatn. Kommunen har ingen føresetnader til å vurdera om det kan vera tilhøvet og kommunen bestridar ikkje at det kan ha blitt gjort. Kommunen kan uansett ikkje tilby dykk det i dag.

Det følgjer av forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 16-3 at ein pliktar å betale eit eingongsbeyr ved tilknytning. Med heimel i forurensningsforskriften § 16-1 skal kommunen i forskrift bestemme nærare reglar for berekning og innkreving av gebyra.

Dei lokale forskriftene til Meland kommune har reglar om tilknytningsgebyr (eingongsgebyr for tilknytning) i § 5 i forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland Kommune vedteke av kommunestyret den 17.12.2014.

Kva gjeld storleiken på gebyret har Meland kommune vedteke at den skal bli «fastsett årleg av kommunestyret og går fram av Gebyrregulativet». Dette inneberer at tilknytingsavgifta kan bli justert årleg, og i løpet av dei siste åra har tilknytningsgebyret i Meland kommune auka. I 2019 krev kommunen 25 000 kr inkludert mva. i tilknytningsavgift for vatn og tilsvarande 25 000 kr inkludert mva. for tilknytning til avløp, jf. Gebyrregulativet.

Det vil uansett vera i strid med krava til offentleg myndigheitsutøving dersom kommunen skulle forskjellsbehandler visse innbyggjarar når det gjeld summen på tilknytningsavgifta. Kommunen har i tillegg uttrykkeleg bestemt at «eingongsgebyret skal vere likt for alle abonnentar innan same kategori», jf. forskriften § 5 tredje ledd.

Dersom dykk ønskjer å kople dykk til det kommunale vassanlegget vil kommunen understrekje at det er søknadspliktig. Søknad skal sendast til kommunen gjennom eit godkjent røyrleggjarføretak. Samtidig må ansvarleg røyrleggjar senda inn søknad etter plan- og bygningslova for byggeteknisk installasjon. Tilknytninga skal skje i kum og kummen skal målast inn.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

I tillegg til tilknytingsgebyret, skal det betalast årsgebyr, herunder abonnementsgebyr og forbruksgebyr. Eit oversyn av dei kommunale avgifter for 2019 finn du på kommunen sine heimesider www.meland.kommune.no under bolka «Veg, vatn, avløp og boss».

Dersom de har spørsmål eller kommentarar til kravet kan de ta kontakt med Inga Lill Holen på telefon 56 17 14 49 eller pr. e-post til inga.lill.holen@meland.kommune.no.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Inga Lill Holen
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Erik Arne Eknes

Fosse 21

5919

FREKHAUG